Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28 | Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Vinje

Emne: Brukt til mat | Bygdelag: Grungedal

Oppskr. av: Svein Ståken | Gard: Grunge

(adresse): Grungedal | G.nr. 78 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Mjølk

1 Har heller minka

2 Ja.

3 Baug, Blånde (blende), skyr, primblinde og surmjølk.
Desse her nemde ble brukt ymse til ymse tider.

4 Øl: Kan ikkje minnast at ein brukte øl til kvardag, anna i slåttonni. Når ein bryggja øl, vart det som regel laga 2 slag, tjukkøl og tunnøl.
Tunnølet tok ein tilslutt.
Dette siste vart brukt til kvardags, det andre var brukt i ymse høve og serleg til gjester.

Kaffi!

5 Pålag 100 år sidan. Til å byrja med var det ei skam å bruka kaffi. Når dei hadde brent kaffi på åren, tok dei ein liten grøn einebusk og skavte bort i varmen og for huset

6066

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Kaffi

rundt med for å få kurt kaffi-

lukten

6 For ei 70-80 år sidan

7 Bruken av kaffi hev minka

i seinare år

No bli det som regel bruka

kaffi 3 vender om dagen.

8 Ein brukar finmalen

kaffi opp i kokande vatn.

Brukar ikkje klåreskinn

no lenger.

Eldre koner spår nok i grut,

helst for dei unge gjentene.

Spåing i grut er eit mysterium

for den som ikkje innvigd i

sakene

9 No brukar ein raffinade, før

var det brunsukker (kandis)

10 Ein bruka fløte i kaffien, men

no bli den au burte etter at

meieriet er kome. Egg eller ost

i kaffi er ukjendt

Te

11 Nei. Av heimelaga te bruka

dei karve, nyponblad og nesle.

Brennevin

12 Ikkje brennevin til kvardags

Ein dram hell 2 når dei hadde

gjort eit godt dagsverk. t.d. fenge

i hus høy eller korn undan regnet.

Likeins brukka dram slakte-

dagen om hausten.

13 Nei —



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING